



## Innkalling til Utval for drift og utvikling

**Møtedato:** 03.11.2015  
**Møtestad:** Meland rådhus - kantina  
**Møtetid:** 15:30

**Møtet startar med synfaring i samband med UDU.sak 77/2015, 78/2015 og 79/2015.  
Frammøte ved Meland rådhus kl 15.30.**

Utvalsmedlemmene vert med dette kalla inn til møte. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå snarast – tlf 56 17 10 00 – slik at varamann kan kallast inn.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vert utlevert i møtet. Dersom medlemmene ønskjer å gjere seg kjend med innhaldet i dokumenta på førehand, er dei tilgjengelege på dokumentsenteret.

### Sakliste

Saknr	Tittel
73/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
74/2015	Godkjenning av møtebok frå møte 29.09.2015.
75/2015	Referatsaker
76/2015	Delegerte saker
77/2015	Klage over vedtak i administrativ sak 274-2015 - Avslag på søknad om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for oppføring av konsentrert busetnad på gbnr. 23/110 i Meland kommune
78/2015	Klage over vedtak i delegert sak 339/2015 - Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå byggjeforbod i strandsona for framføring av veg til fritidsbustad på gbnr. 41/20 i Meland kommune
79/2015	Klage over vedtak i delegert sak 239/2015 - Søknad om dispensasjon frå generelt byggjeforbod for oppføring av fritidsbustad i LNF-område i strandsona
80/2015	Dispensasjon - Flytting og oppgradering/utviding av Blom Fiskeoppdrett AS - frå Laksevika til ny lokalitet ved Holmeknappen
81/2015	Val av medlemmar til Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019.
82/2015	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2016 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)
83/2015	Vass- og avlaupsavgifter 2016, nye satsar
84/2015	Feie- og tilsynsgebyr for 2016, uendra satsar
85/2015	Gebyr for slamtømming 2016
86/2015	Renovasjonsgebyr 2016
87/2015	Aktuelle saker

Utval for drift og utvikling  
3. mars 2016

Mabel Johansen  
Møteleiar

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		15/2626

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
73/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		15/2626

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
74/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

**Godkjenning av møtebok frå møte 29.09.2015.**

**Vedlegg:**

Protokoll - Utval for drift og utvikling - 29.09.2015

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Lillian Straumøy Brakstad		15/2626

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
75/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
75/2015.1	Analyserapport - Meland reintvann pumpehus
75/2015.2	Anmodning om omgjøring av Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak om oppheving av tillatelse til utfylling av sjøareal i Meland kommune
75/2015.3	Analyserapport drikkevatt Meland reinvatt pumpehus
75/2015.4	Analyserapport Meland kommune Husebø, Storavatnet, reinvatt pumpehus, omsorgsboliger Rosslund, drikkevann Frekhaug, drikkevann Flatøy

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Lillian Straumøy Brakstad		15/2626

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
76/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## Delegerte saker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
337/2015	Godkjenning - GBNR 21/59 - Løyve til oppføring av garasje og flytting av avkjørsel
347/2015	Begjæring om oppdeling i eierseksjoner
339/2015	Delvis godkjenning - BNR 41/20 - Søknad om dispensasjon for tilkomstveg til fritidsbustad og oppføring av veranda
343/2015	Godkjenning - GBNR 22/242 - Endringsløyve ved oppføring av einebustad
329/2015	Godkjenning - GBNR 23/509 - Dispensasjon frå rekkefølgekrav i plan for midlertidig bruksløyve til tomannsbustad T2
345/2015	Godkjenning - søknad om endring av gitt løyve for nye ansvarsrettar tilknytt byggjetiltak på blokk 1 på gbnr. 23/509 i Meland kommune
350/2015	Godkjenning - søknad om endring av gitt løyve for nye ansvarsrettar tilknytt byggjetiltak på gbnr. 23/509 i Meland kommune (lågblokk 2)
334/2015	Godkjenning - Søknad om endring av gitt løyve for nye ansvarsretter tilknytt byggjetiltak på gbnr. 40/5 i Meland kommune
336/2015	Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 54/30 Husebø
348/2015	Godkjenning - begjæring om oppdeling i eierseksjoner GBNR 23/548
331/2015	Godkjenning- Søknad om dispensasjon og løyve til for oppføring av garasje gbnr 10/208
349/2015	Korrigert vedtak om endring av gitt løyve m.o.t. ansvarsrettar tilknytt byggjetiltak på gbnr. 23/509 i Meland kommune (blokk 1)
344/2015	Mellombels bruksløyve for bueining i fleirmannsbustad - Fureskjeggvegen 15d på gbnr. 40/5 i Meland kommune

352/2015	Avslag - GBNR 1/12 - Søknad om dispensasjon for frådelling av parsell på Flatøy
353/2015	Godkjenning - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett for oppføring av reidskapshus i landbruket på gbnr 29/1
354/2015	Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - tilbygg til bustad på gbnr 40/33 på Espetveit
356/2015	Godkjenning - GBNR 9/18 - Løyve til frådelling av bustadparsell
351/2015	Godkjenning - søknad om dispensasjon frå føresegn i kommuneplanen sin arealdel og løyve til oppføring av garasje som inneheld rom for varig opphald på gbnr. 31/19 i Meland kommune
361/2015	Adressetildeling Sætrevikvegen 16
365/2015	Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr gbnr 9/23 i Mjukebakkane.
360/2015	Godkjenning - Søknad om høvesvis løyve til oppføring av rekkjehus B162 med seks bueiningar og tilkopling av desse til kommunalt VA-anlegg på gbnr. 22/246 i Meland kommune
362/2015	Godkjenning - Søknad om løyve til oppføring av rekkjehus B163 med fire bueiningar og tilkopling til kommunalt VA-anlegg på gbnr. 22/246 i Meland kommune
363/2015	Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 51/144 på Landsvik
359/2015	Retting av vedtak i administrativ sak 351/2015 av 25.9.2015 - gbnr. 31/19 i Meland kommune jf. journalpostID 15/17665
370/2015	Endring av ansvarleg foretak gnr 40 bnr 45
368/2015	Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassanlegg for to hytter på Landsvik, gbnr 51/16 og 33.
369/2015	Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 27/51 på Moldekleiv.
367/2015	Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Moldekleiv gbnr. 27/51.
366/2015	Godkjenning - utslepp frå to fritidsbustader på Landsvik, gbnr 51/16 og 51/33
371/2015	Godkjenning- Endring av gitt løyve, oppføring av einebustad med utleige, gbnr 40/45 på Espetveit
364/2015	Godkjenning - Søknad om tillatelse til tiltak - Oppføring av einebustad på gbnr 10/266 på Holme
372/2015	Godkjenning - GBNR 36/3 og 36/128 - Løyve til arealoverføring
375/2015	Godkjenning - GBNR 5/7 og 5/14 - Løyve til arealoverføring til uendra bruk
374/2015	Godkjenning - søknad om dispensasjon frå prøvetaking, VA-anlegg på Eikeland.
377/2015	Godkjenning - søknad om endring av gitt løyve til oppføring av rekkjehus B164 på gbnr. 22/246 i Meland kommune
378/2015	Godkjenning - tilkopling til kommunal kloakkledning på Eikeland, gbnr 42/137.

355/2015	Løyve til utbetring av sti langs nedre del av Mjåtveitelva.
373/2015	Søknad om dispensasjon frå prøvetaking
376/2015	Søknad om endring av gitt løyve eller godkjenning gbnr 22/246 B164
383/2015	Adresseendring GBNR 10/80, frå Håstølen 15 til Håstølen 5
381/2015	Adresstildeling Mjåtveitmarka 30A-D, 32A-F
380/2015	Godkjenning - GBNR 36/1 mfl - Løyve til bygging av VA-anlegg frå Ådland til Landsvik
379/2015	Godkjenning - Igangsettingsløyve for bruksendring frå næringsbygg til forsamlingslokale på Grasdal
386/2015	Godkjenning - Søknad om rammeløyve for utlegging av flytebrygge på gbnr 40/7, Furuskjegget

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bjarte Buanes	Gbnr - 23/110, FA - L42	15/67

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
69/2015	Utval for drift og utvikling	PS	29.09.2015
77/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## **Klage over vedtak i administrativ sak 274-2015 - Avslag på søknad om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for oppføring av konsentrert busetnad på gbnr. 23/110 i Meland kommune**

### **Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Frekhaug Senter / Vest  
Situasjonskart

Avslag - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Frekhaug Senter Vest - eigedom 23/110  
Klage på kommunalt vedtak, jf. Fvl. §§28-36. Avslag - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan  
Frekhaug senter Vest: Eiendom 23/110  
23-110 detaljplan  
23-110 kart søknad

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Gjennom vedlagte brev m/ vedlegg dagsett 24.11.2014 søkte Olaf Kåre Skurtveit om dispensasjon frå gjeldande arealformål i *Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest* (ArealplanID 125619951011) for oppføring av konsentrert busetnad i eit område som er regulert til friområde på gbnr. 23/110, sjå vedlagte kart.

Reguleringsplanen inneheld dertil følgjande føresegner om friområda i planen, jf. § 4:

*«Friområda skal nyttast til rekreasjon og leik. Det kan ikkje oppførast bygg av noko slag i friområde med mindre det er naudsynt for bruken av friområda.»*

Om den nærare grunngjevinga for søknaden vert det vist til skrivet frå Skurtveit av 24.11.2014 i sin heilskap.

Ved vedlagte, administrative vedtak av 27.7.2015 i sak 274/2015 vart søknaden om dispensasjon avslått, idet administrasjonen fann at ingen av dei obligatoriske vilkåra for å gi dispensasjon etter Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19 var til stades. I hovudsak grunna administrasjonen dette med at ein dispensasjon i denne saka ville sette både omsyna bak dei aktuelle planføresegnene og fleire

overordna lov- og planomsyn vesentleg til side, og at søkjaren heller ikkje hadde påvist kvalifiserte fordelar med å gi dispensasjon. Administrasjonen påpeika vidare at ei såpass omfattande endring i arealformål i reguleringsplanen eventuelt bør skje gjennom planprosess (planendring) og ikkje gjennom ein einskildvis dispensasjon.

Søkjaren har rettidig påklaga administrasjonen sitt avslag, jf. vedlagte klage dagsett 11.8.2015.

### **Nærmare om klagen**

Klagen er i hovudsak grunngitt søm følgjer:

- Etter klagaren sitt syn opnar § 2 bokstav i planføresegnene for at det vert gitt dispensasjon i denne saka, ettersom denne føresegna fastset at kommunen kan tillate «*mindre vesentlege unntak*» frå planføresegnene «*når særlege grunnar ligg til rette for det*».
- Det omsøkte arealet ligg inneklemt mellom to allereie regulerte bustadområde. Ein dispensasjon i denne saka vil dermed innebere ei naturleg forlenging av desse bustadområda.
- Omsøkt areal har uansett ikkje noko attverande verdi som friområde.
- Arealet ligg sentralt på Frekhaug med korte avstandar til sosial og teknisk infrastruktur og andre tenestetilbod.
- Ei endring av gjeldande reguleringsplan gjennom planprosess vil vere urimeleg og uturvande ressurskrevjande.

Det vert vist til klagen i sin heilskap.

### **Det rettslege utgangspunktet for kommunen si klagevurdering**

På bakgrunn av mottatt klage skal kommunen på ny vurdere om vilkåra for å gi dispensasjon som omsøkt er til stades i denne saka. Dersom kommunen meiner at klagen ikkje kan takast til følgje, vert saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Både vilkår og heimel for dispensasjon følgjer av pbl. § 19-2. Det vert særleg vist til dei to grunnvilkåra i § 19-2 andre ledd:

1. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom enten omsyna bak føresegna det må dispenserast frå – her byggjeforbod i friområde – eller omsyna dei overordna formålsføresegnene i pbl. § 1-1 vert sett vesentleg til side.
2. Fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge desse vilkåra må vere oppfylte for at kommunen skal kunne gi dispensasjon.

### **Vurdering:**

#### **Administrasjonen sitt syn på klagen**

På bakgrunn av opplysningane i høvesvis søknaden, vedtaket om avslag og føreliggjande klage vurderer administrasjonen saka som tilstrekkeleg opplyst, jf. Forvaltningsloven (fvl.) § 17.

Administrasjonen kan ikkje sjå at klagen inneheld nye opplysningar eller ny grunngjeving som tilseier at kommunen sitt administrative vedtak om avslag av 27.7.2015 i sak 274/2015 bør eller kan

opphøyst eller endrast. Administrasjonen vil likevel knytte nokre merknadar til klagen:

Klagaren synast å gjere gjeldande at § 2 planføresegnene i seg sjølv opnar for å gi unntak frå det vedtekne arealformålet, idet han skriv følgjande:

*«Når en ser på reguleringsføresegnene § 2 i) står det bla: Mindre vesentlige unntak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar ligg til rette for det tillatast av kommunen.»*

Dette ville i så fall innebære at det ikkje var naudsynt å søkje om dispensasjon, ettersom planen då sjølv hadde opna for å gjere unntak. Dette er likevel ikkje tilfellet, då resten av ordlyden i § 2 bokstav i – som klagaren ikkje har referert – lyder slik:

*«(...) innanfor ramma av plan- og bygningslova.»*

Sistnemnde er openbart ei tilvising til dågjeldande dispensasjonsheimel i pbl. (1985) § 7, som m.a. hadde følgjande innhald, jf. første ledd:

*«Når særlege grunner foreligger, kan kommunen, dersom ikke annet er fastsatt i vedkommende bestemmelse, etter søknad gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser i denne lov, vedtekt eller forskrift. Myndigheten til å gjøre vedtak om dispensasjon fra arealdel til kommuneplan, reguleringsplan og bebyggelsesplan, er med mindre annet er bestemt i vedkommende plan, lagt til det faste utvalget for plansaker etter denne lovs § 9-1. Vilårene for å dispensere fra planer eller planbestemmelser som nevnt i punktet foran, er de samme som etter første komma i første punktum. Det faste utvalg for plansaker er vidare dispensasjonsmyndighet etter §§ 17-2, 23 og 33 i loven her. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.»*

Opph. pbl. (1985) § 7 er i ettertid erstatta av pbl. (2008) § 19-2. Planføresegnene si tilvising til «ramma av plan- og bygningslova» må etter administrasjonen si klåre oppfatning innebære at kommunen ikkje har heimel til å gi dispensasjon frå den aktuelle planen med mindre vilkåra i gjeldande pbl. § 19-2 er til stades.

Når det er sagt, legg administrasjonen til grunn at den omsøkte dispensasjonen – for oppføring av konsentrert busetnad i eit regulert friområde – uansett fell utanfor verkeområdet til § 2 i planføresegnene, all den tid denne kun omhandlar «mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene». Administrasjonen vurderer det i så måte som tvillaust at den omsøkte dispensasjonen representerer noko langt meir enn eit «mindre vesentlege unntak» frå planen. Administrasjonen held difor fast ved at ei omdisponering av dette planområdet må skje gjennom ei eventuell endring av plankart og –føresegner.

Gjeldande plankart viser at deler av det omsøkte arealet er innanfor frisktsoner til avkøyrslø frå den kommunale Mjåtveitvegen. Plankartet inneheld naturleg nok ikkje særskilte byggjegransar på gbnr. 23/110 – ettersom planen ikkje legg opp til bygging i dette friområdet – men det generelle forbodet i Veglova § 29 mot bygging nærmare kommunal veg enn 15m gjeld like fullt. Dette er òg omstende som eventuelt bør vurderast i ein planprosess, snarare enn gjennom ei dispensasjonshandsaming.

Administrasjonen er elles ikkje utan vidare samd i at det omsøkte området ikkje har noko attverande verdi som friområde, då det ikkje er noko i vege for at arealet vert nytta til dette formålet. Arealet er òg del av ein større grønnstruktur som strekk seg frå Mjåtveitvegen og så langt sør som dette

planområdet strekk seg (Frekhaugstemma). Gjennom vedtakinga av *Detaljplan for Elvaåsen* i 2013 (ArealplanID 125620110003) vart denne samanhengande grønnstrukturen forlenga heilt ned til Elvevika.

Gbnr. 23/110 er her markert med blå sirkel i gjeldande detaljplan for Elvaåsen:

Dei to nemnde planane legg dermed samla sett opp til ein grøn passasje som går heile vegen frå Mjåtveitvegen og ned til Elvevika. Eventuelle endingar av dette bør i så fall òg skje gjennom ein planprosess.

Klagaren har rett i at ein planprosess kan vere noko ressurskrevjande. Administrasjonen kan likevel ikkje sjå at dette er eit sjølvstendig argument for å gi dispensasjon i denne saka. Dersom ein planprosess endar opp med den endringa som klagaren ynskjer, vil administrasjonen anta at det er tilstrekkeleg økonomi i prosjektet (konsentrert busetnad) til å kompensere kostnadane tilknytt planprosessen. Klagaren må openbart sjølv vurdere – og eventuelt bere risikoen for – om det er grunnlag for ei slik endring i planen.

Administrasjonen viser elles samla til vurderinga som låg til grunn for det påklaga vedtaket, idet administrasjonen held fast ved dei vurderingar som låg til grunn for avslaget.

### **Oppsummering og konklusjon**

Administrasjonen kan ikkje sjå at føreliggjande klage inneheld nye opplysningar eller ny grunngjeving som tilseier at kommunen sitt administrative vedtak om avslag av 27.7.2015 i sak 274/2015 vert oppheva eller endra. Administrasjonen held dermed fast ved at vilkåra for å gi dispensasjon ikkje er oppfylte i denne saka, jf. pbl. § 19-2, og kommunen har då heller ikkje heimel til å gi dispensasjon som omsøkt.

### **Framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage dagsett 11.8.2015 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at kommunen sitt administrative avslag av 27.7.2015 i sak 274/2015 bør eller kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

### **Utval for drift og utvikling - 69/2015**

#### **UDU - behandling:**

Grunna slektskap med klagar ba Jorunn Brakstad, H, utvalet vurdere om ho var gild eller ugild ved handsaming av saka.

**Røysting over om Jorunn Brakstad var ugild fekk 8 stemmer mot, 0 for.**

**UDU - vedtak:**

" Saka vert utsett til møte 03.11.2015. Utvalet vil då føreta synfaring før handsaming av saka."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bjarte Buanes	Gbnr - 41/20, FA - L42	15/1783

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
78/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

**Klage over vedtak i delegert sak 339/2015 - Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå byggjeforbod i strandsona for framføring av veg til fritidsbustad på gbnr. 41/20 i Meland kommune**

## **Vedlegg:**

1 Søknad om dispensasjon gbnr 41-20 framføring av veg og terrasse

Søknad om dispensasjon frå LNF og strandsone

2 Situasjonkart veg til gbnr 41-20 M 1-500 A4

Delvis godkjenning - BNR 4120 - Søknad om dispensasjon for tilkomstveg til fritidsbustad og oppføring av veranda

Klage på vedtak om dispensasjon frå LNF og strandsone for etablering av tilkomstveg gbnr 41/20

Tilkomstveg og terrasse gbnr 41/20

Følgeskriv

41-20 1\_1000

41-20 1\_3000

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

I medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 har Wayne Mark Robbins v/Kjell Reigstad søkt om dispensasjon frå respektivt arealformålet «*Landbruks-, natur- og friluftsområde*» i kommuneplanen sin arealdel (KPA) og frå forbodet i pbl. § 1-8 mot byggjetiltak i strandsona for framføring av veg over gbnr. 41/2 og 7 til eksisterande fritidsbustad på gbnr 41/20. Det vert vist til vedlagte søknad m/ vedlegg datert 20.5.2015.

Den planlagde vegen vert om lag 150m lang, med ei breidde på inntil 3m. I tillegg til vegen er det òg søkt om dispensasjon for oppføring av eit mindre tilbygg til fritidsbustaden (terrasse).

Søknaden er i ettertid supplert ved e-post m/ vedlegg frå søkjar datert 30.6.2015.

Gjennom vedlagte avgjerd av 23.9.2015 i delegert sak 339/2015 vart søknaden om dispensasjon for oppføring av terrasse godkjent, medan søknaden vart avslått i relasjon til nemnde veg. For nærmare opplysningar om sakshistorikk, faktiske tilhøve på staden, gjeldande regelverk og grunngjeving for avslaget vert det vist til administrasjonen si avgjerd av 23.9.2015 i sin heilskap.

Kommuneadministrasjonen sitt avslag er rettidig påklaga, jf. vedlagte skriv frå Kjell Reigstad datert 13.10.2015.

## **Nærmare om klagen**

Gjennom klagen vert det gjort gjeldande fleire feil ved det påklaga vedtaket, som i hovudsak kan summerast opp som følgjer:

- Av avslaget går det fram at kommunen «*fører ein streng praksis ved etablering av tilkomstveg til fritidsbustadar*». Kommunen opplyste ikkje om denne strenge praksisen i dialogen som fann stad mellom kommunen og tiltakshavar før søknaden vart innsendt. Det heftar dermed feil ved sakshandsaminga som låg til grunn for det påklaga vedtaket, ettersom kommunen med dette har forsømt si plikt til å gje rettleiing, jf. Forvaltningsloven (fvl.) § 11.
- Klagaren er ikkje samd med administrasjonen i at ein dispensasjon i denne saka vil setje landbruks-, natur- og friluftssyn eller omsyna bak strandsonevernet til side, ettersom òg dei aktuelle landbrukseigedomane gbnr. 41/2 og 7 vil kunne nytte seg av den omsøkte vegen til fritidseigedomene gbnr. 41/20. I tillegg vil den planlagde vegen ha positiv innverknad på trafikktryggleiken og tilgjenga på staden.
- Det er berre eit lite areal overflatedyrka eller dyrkbar landbruksjord som vil gå tapt til vegen.
- Omsynet til landskapet elles vert i liten grad svekka, då det aktuelle området må seiast å ha liten landskapsmessig verdi.
- Det planlagde vegen er for liten til at det er aktuelt å regulere området eller endre KPA for å kunne realisere tiltaket.
- Omstenda i denne saka er såpass spesielle at ein dispensasjon uansett ikkje vil vere eigna til å skape uheldige presedensverknadar for andre sakar.
- Det ligg ikkje føre nabomerknadar til det planlagde tiltaket.

Det vert vist til klagen i sin heilskap.

## **Det rettslege utgangspunktet for kommunen si klagevurdering**

På bakgrunn av føreliggjande klage skal kommunen på ny vurdere om vilkåra for å gi dispensasjon som omsøkt er til stades i denne saka. Dersom kommunen meiner at klagen ikkje kan takast til følgje, vert saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Både vilkår og heimel for dispensasjon følgjer av pbl. § 19-2. Det vert særleg vist til dei to grunnvilkåra i § 19-2 andre ledd:

1. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak enten føresegnene det må dispenserast frå eller formålsføresegnene i pbl. § 1-1 vert sett vesentleg til side.
2. Fordelane med å gi dispensasjon må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge desse vilkåra må vere oppfylte for at kommunen skal kunne gi dispensasjon.

Det er altså søkt om dispensasjon frå KPA sitt LNF-formål og frå forbodet i pbl. § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet mot sjø for etablering av ein veg som skal tene som tilkomst til ein fritidsbustad. Omsyna bak planformåla «*natur- og friluftsområde*» og bak strandsonevernet i pbl. § 1-8 er i relasjon til denne saka langt på veg samanfallande:

Det generelle byggjeforbodet i strandsona har som hovudformål å gi natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser eit særleg vern, jf. pbl. § 1-8. Lova klargjer med dette dei særlege arealdisponeringsomsyn som gjer seg gjeldande i strandsona, og pålegg med dette plan- og bygningsmyndigheitene eit særskilt ansvar for å ivareta desse omsyna ved si utøving av myndigheit etter lova. Det kan til dette òg visast til følgjande uttale i lovkommentaren til pbl. § 1-8, jf. Frode Innjord (2008) s. 27:

*«Strandområdene har imidlertid også en selvstendig verdi som leveområder for plante- og dyrearter, de representer en viktig del av det norske landskapsbildet, og de formidler den norske kystkulturen gjennom eksisterende bygninger og anlegg. Bestemmelsen i § 1-8 første ledd innebærer en presisering av at det innenfor 100-metersbeltet langs sjøen skal tas særskilt hensyn til alle de verdier som strandsonen representerer, ikke bare allmennhetens rekreasjons- og friluftinteresser, men også naturverdier og verdier knyttet til kulturmiljø og landskap.»*

Ved å avsetje det aktuelle området til LNF-formål har kommunen òg gjennom KPA gitt natur- og friluftinteresser eit særleg vern på staden.

Omsyna bak arealformålet «*landbruk*» er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til det å ta vare på store samanhengande landbruksområde, hindre uheldig oppstyking av landbruksareal og grønstukturar, jordvern og elles å leggje til rette for eksisterande eller framtidig landbruksdrift.

Desse rettslege utgangspunkta låg òg til grunn for vurderinga som administrasjonen bygde sitt avslag på i det påklaga vedtaket.

### **Vurdering**

Etter gjennomgang av respektivt søknad m/ vedlegg, supplerande opplysningar i søkjaren sin e-post av 30.6.2015, den påklaga avgjerda og føreliggjande klage vurderer administrasjonen saka som tilstrekkeleg opplyst, jf. fvl. § 17.

Kommuneadministrasjonen har kome til at føreliggjande klage ikkje inneheld nye opplysningar eller ny grunngeving som tilseier at kommunen sitt vedtak om avslag av 23.9.2015 vert oppheva eller endra. Administrasjonen held dertil fast ved dei vurderingar som låg til grunn for avslaget, men har likevel nokre merknadar til klagen:

- Av den påklaga avgjerda går det fram at Meland kommune fører ein streng praksis ved etablering av tilkomstveg til fritidsbustadar. På bakgrunn av grunngevinga i klagen finn



administrasjonen likevel grunn til å påpeike at dette ikkje er særmerkt for denne kommunen, men at kommunen si haldning berre er ein konsekvens av kva som uansett følgjer av vilkåra for dispensasjon i pbl. § 19-2. Dagens reglar om dispensasjon trådde i kraft 1.7.2009. Dei nye reglane bygde på erfaringar om at dispensasjonspraksis med heimel i pbl. av 1985 hadde ført til ei uheldig utvikling i arealbruken, særleg i strandsona og andre pressområde. Eitt av hovudformåla bak dei nye reglane om dispensasjon i pbl. (2008) § 19-2 var dermed å klargjere heimelen og å stramme inn tidlegare praksis. Om dispensasjon frå arealplanar inneheld lovforarbeida dertil m.a. følgjande uttale, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008), s. 242:

*«Avvik fra arealplaner reiser særlige spørsmål. De ulike planene er som oftest blitt til gjennom en omfattende beslutningsprosess og er vedtatt av kommunens øverste folkevalgte organ, kommunestyret. Planene omhandler dessuten konkrete forhold. Det skal ikke være en kurrant sak å fravike gjeldende plan. Dispensasjoner må heller ikke undergrave planene som informasjons- og beslutningsgrunnlag. Ut fra hensynet til offentlighet, samråd og medvirkning i planprosessen, er det viktig at endringer i planer av betydning ikke skjer ved dispensasjoner, men behandles etter reglene om kommuneplanlegging og reguleringsplaner.»*

Administrasjonen vil på denne bakgrunn avvise at kommunen har brote si rettleiingsplikt, ved ikkje å påpeike at kommunen fører ein streng praksis ved etablering av tilkomstveg til fritidsbustadar i område som ikkje er avsett til dette formålet, då dette uansett følgjer av både ordlyden i pbl. § 19-2, lovforarbeida og av gjeldande regelverk elles. Tiltakshavar har dertil sjølv ansvar for å setje seg tilstrekkelig inn i gjeldande regelverk. Dette gjeld særleg når tiltakshavar – slik som tilfellet er i denne saka – har nytta seg av ein profesjonell aktør som ansvarleg søkjar.

I klagen vert det vidare opplyst at søkjaren har hatt inntrykk av det ville vere kurrant å få dispensasjon frå dei aktuelle føresegna. Administrasjonen kan på si side ikkje sjå at kommunen har gitt opplysningar som har vore eigna til å underbygge eit slikt inntrykk. Søkjaren har i denne samanheng vist til e-postkorrespondanse med kommunen 14. og 17.10.2015, men kor det er administrasjonen si bestemte oppfatning at desse e-postane berre inneheld objektive opplysningar og rettleiing om kva regelverk som gjeld, kva dispensasjonar den planlagde vegen er avhengig av og om søknadsprosessen i slike saker.

- Administrasjonen held fast ved at omsyna til landbruksdrift på staden, natur- og friluftsinnteresser, kulturmiljø- og landskapsomsyn og omsyna til KPA som plan- og arealdisponeringsmessig styringsverktøy vil bli sett vesentleg til side gjennom dispensasjonar som omsøkt i denne saka. Administrasjonen er dermed ikkje samd med klagaren i at det her er tale om eit lite tiltak, eller at denne saka ikkje er eigna til å danne uheldig presedens for framtidige saker. Til det siste kan det nemnast at kommunen kvart år mottar eit ikkje ubetydeleg tal liknande søknadar om framføring av vegar til eksisterande hytter i strandsona og i LNF-område. Administrasjonen kan såleis ikkje sjå at denne saka i så måte er særmerkt.
- Administrasjonen held vidare fast ved at det ikkje ligg føre ei klår overvekt av objektive

fordelar av plan- eller arealdisponeringsmessig karakter som taler for at det bør gjevast dispensasjon som omsøkt i denne saka. Gjennom klagen vert det rett nok gjort gjeldande at vegen òg vil kunne tene dei aktuelle landbrukseigedomene på staden, men i så tilfelle bør eigarane av desse eigedomene i staden vurdere å søkje om etablering av landbruksveg i medhald av *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier*. Dersom vilkåra for etablering av veg med heimel i denne forskrifta er til stades vil det heller ikkje vere naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet eller frå byggjeforbodet i strandsona.

Administrasjonen ser at det kan vere ein viss trafikal fordel om brukaren av den aktuelle fritidseigedomene kan parkera på eigen grunn, men kor denne fordelene ikkje veg tyngre enn dei ulemper som er påpeika i det påklaga vedtaket, jf. òg vurderinga over her. I alle tilfelle har tiltakshavar sjølvstendig plikt til å sjå til at han ikkje parkerer slik at det kan oppstå trafikkfare langs kommunevegen.

- Fylkesmannen her gjennom høyringsuttale datert 9.9.2015 rådd ifrå at det vert gitt dispensasjonar som omsøkt i denne saka, idet Fylkesmannen meiner at vilkåra for dispensasjon i pbl. § 19-2 andre ledd ikkje er oppfylte. Kommunen viser i den samanheng til følgjande føresegn i § 19-2 tredje ledd:

*«Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»*

### **Konklusjon**

Dispensasjon som omsøkt i denne saka vil setje omsyna bak både gjeldande arealformål (LNF), pbl. § 1-8 sitt forbod mot byggjetiltak i strandsona og føremålsføresegna i pbl. § 1-1 vesentleg til side.

Administrasjonen kan heller ikkje sjå at søknaden eller klagen tilseier at dispensasjon i denne saka vil ha klare objektive fordelar, men snarare ei overvekt av ulemper av plan- og arealdisponeringsmessig karakter.

Administrasjonen held på denne bakgrunn fast ved at vilkåra for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2 ikkje er til stades i denne saka.

Kommunen har etter dette ikkje heimel til å gi dispensasjon som omsøkt.

### **Framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage datert 13.10.2015 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 23.9.2015 i delegert sak 339/2015 vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bjarte Buanes	Gbnr - 55/58, FA - L42	15/1290

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
79/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## Klage over vedtak i delegert sak 239/2015 - Søknad om dispensasjon frå generelt byggjeforbod for oppføring av fritidsbustad i LNF-område i strandsona

### Vedlegg:

Sknad+om+rammetillatelse

B1-dispensasjon

D1-situasjonsplan

Klage på vedtak

Følgeskriv

GBNR 55/58 - Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av fritidsbustad

55-58 1\_1000

55-58 1\_3000

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gjennom skriv datert 29.4.2015 søkte Arnfinn og Ingunn Alise Skjelanger Sørli v/ Byggsøk Norge AS om rammeløyve for oppføring av fritidsbustad på gbnr. 55/58 på Skjelanger i Meland kommune.

Saman med søknaden om rammeløyve vart det òg søkt om dispensasjonar frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel («landbruks-, natur- og friluftsområde») og frå det generelle forbodet i Plan- og bygningsloven (pbl.) § 1-8 mot byggjetiltak i strandsona.

Søknaden om dispensasjonar vart avslått av kommuneadministrasjonen gjennom vedtak i delegert sak 239/2015. For nærmare opplysningar om sakshistorikk, faktiske tilhøve på staden, gjeldande regelverk og grunngjeving for avslaget vert det vist til administrasjonen si avgjerda av 13.7.2015 i sin heilskap. Same avgjerd inneheld òg bilete som skildrar dagens situasjon.

Det er allereie bygd ein terrasse med rekkverk som tener som uteplass for ein tilsynelatande permanent plassert campingvogn med tilhøyrande spikertelt på denne eigedomen. Desse tiltaka er ikkje registrert omsøkt og godkjent, men vert eventuelt vurdert og handsama etter pbl. kap. 32 («Ulovlighetsoppfølging») når føreliggjande søknad om dispensasjonar er endeleg avgjort.

Gjennom skriv frå Byggsøk Norge dagsett 16.9.2015 vart administrasjonen sitt vedtak om avslag påklaga. På bakgrunn av innvilga fristutsetting vert klagen vurdert som rettidig framsett.

## **Nærmare om klagen**

Klagen er i hovudsak grunnlagt som følgjer:

- Søknaden om dispensasjon vart fremja 29.4.2015, medan administrasjonen har handsama saka med heimel i arealdelen til kommuneplan (KPA) som vart vedtatt av Kommunestyret i Meland 17.6.2015. Klagarane gjer dertil gjeldande at søknaden skulle vore handsama med heimel i KPA som gjaldt på tidspunktet då søknaden vart innsendt.
- Klagarane har god dialog med lokalbefolkninga, tek omsyn til nærmiljøet og ser til at det ikkje oppstår konflikter mellom bruken av den omsøkte eigedomen og andre eigarar og brukarar av området.
- Det ligg allereie ei hytte tett opp til badevika, like vest for den omsøkte eigedomen.
- Den etablerte grusvegen utgjer eit klart skille mellom den omsøkte eigedomen og badestranda. Den planlagde hytta legg dermed ikkje band på ålmeinta sitt høve til å nytte stranda vis-a-vis eigedomen.
- Søknaden om dispensasjonar har vore på høyring hos Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune utan merknadar frå desse. Dette inneber at høyringsinstansane har vurdert tiltaket til ikkje å vere i strid med pbl. § 1-8. Meland kommune har dermed på si side tolka byggjeforbodet i pbl. § 1-8 for bokstavleg.

Klagarane gjer på denne bakgrunn gjeldande at kommunen sitt vedtak om avslag bør opphevast. Det vert vist til klagen i sin heilskap.

## **Det rettslege utgangspunktet for kommunen si klagevurdering**

På bakgrunn av mottatt klage skal kommunen på ny vurdere om vilkåra for å gi dispensasjonar som omsøkt er til stades i denne saka. Dersom kommunen meiner at klagen ikkje kan takast til følgje, vert saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Både vilkår og heimel for dispensasjon følgjer av pbl. § 19-2. Det vert særleg vist til dei to grunnvilkåra i § 19-2 andre ledd:

1. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak enten føresegnene det må dispenserast frå eller formålsføresegnene i pbl. § 1-1 vert sett vesentleg til side.
2. Fordelane med å gi dispensasjon må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge desse vilkåra må vere oppfylte for at kommunen skal kunne gi dispensasjon.

I føreliggjande sak er det altså søkt om dispensasjonar både frå KPA sitt arealformål (*landbruk, natur og friluftsområde*) og frå det generelle forbodet i pbl. § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet mot sjø. Omsyna bak desse føresegnene er – særleg med tanke på formåla *natur- og friluftsområde* – langt på veg samanfallande:

Det generelle byggjeforbodet i strandsona har som hovudformål å gi natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser eit særleg vern, jf. pbl. § 1-8. Lova klargjer med dette dei særlege arealdisponeringsomsyn som gjer seg gjeldande i strandsona, og pålegg med dette plan- og bygningsmyndigheitene eit særskilt ansvar for å ivareta desse omsyna ved si utøving av myndigheit

etter lova. Det kan til dette òg visast til følgjande uttale i lovkommentaren til pbl. § 1-8, jf. Frode Innjord (2008) s. 27:

*«Strandområdene har imidlertid også en selvstendig verdi som leveområder for plante- og dyrearter, de representer en viktig del av det norske landskapsbildet, og de formidler den norske kystkulturen gjennom eksisterende bygninger og anlegg. Bestemmelsen i § 1-8 første ledd innebærer en presisering av at det innenfor 100-metersbeltet langs sjøen skal tas særskilt hensyn til alle de verdier som strandsonen representerer, ikke bare allmennhetens rekreasjons- og friluftsjnteresser, men også naturverdier og verdier knyttet til kulturmiljø og landskap.»*

Ved å avsette det aktuelle området til LNF-formål har kommunen òg gjennom KPA gitt natur- og friluftsjnteresser eit særleg vern på staden. Desse rettslege utgangspunkta låg òg til grunn for vurderinga som administrasjonen bygde sitt avslag på i det påklaga vedtaket.

### **Vurdering**

På bakgrunn av søknadane om høvesvis dispensasjonar og byggjeløyve m/vedlegg, vedtaket om avslag og føreliggjande klage vurderer administrasjonen at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. Forvaltningsloven (fvl.) § 17.

Kommuneadministrasjonen kan ikkje sjå at føreliggjande klage inneheld nye opplysningar eller ny grunngeving som tilseier at kommunen sitt vedtak om avslag av 13.7.2015 vert oppheva eller endra, og held difor fast ved dei vurderingar som låg til grunn for avslaget. Administrasjonen vil likevel knytte nokre merknadar til klagen:

Administrasjonen avvisar at søknaden om dispensasjonar skulle vore handsama med heimel i kommuneplanen som gjaldt då søknaden vart innsendt, då det gjennom pbl. § 11-6 («*Rettsvirkning av kommuneplanens arealdel*») er bestemt at ny KPA vert bindande for framtidig arealbruk frå det tidspunkt kommunestyret treff vedtak om å godkjenne den nye planen:

*«Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6. Planen gjelder fra kommunestyrets vedtak, dersom ikke saken skal avgjøres av departementet etter § 11-16. (...)*»

Det følgjer altså direkte av ordlyden i pbl. § 11-6 at ny arealplan skal leggjast til grunn, sjølv om søknad allereie var sendt inn då kommunestyret traff vedtak om å godkjenne den nye planen. Den nye planen fekk rettsverknad gjennom kommunestyret sitt vedtak av 17.6.2015, medan søknaden i føreliggjande sak vart tatt opp til avgjerd gjennom vedtak av 13.7.2015.

Administrasjonen vil òg avvise at fråværet av merknadar frå fylkesmannen og fylkeskommunen kan tolkast slik at høyringsinstansane har vurdert tiltaket til ikkje å vere i strid med dei respektive byggjeforboda i KPA og pbl. § 1-8. Fråværet av merknadar inneber berre at fylkesmannen og fylkeskommunen ikkje har hatt innspel til kommunen si dispensasjonsvurdering, og dei skal uansett ha eit eventuelt vedtak om godkjenning av dispensasjon tilsendt for klagevurdering.

Klagarane har vidare gjort gjeldande at dei har god kontakt med lokalbefolkninga, stor respekt for nærmiljøet og vil ta naudsynt omsyn til andre eigarar, rettighetshavarar og brukarar i området. Etter

administrasjonen sitt syn, er dette individuelle omsyn som ikkje kan tilleggjast vekt i ei dispensasjonssak. Eit av dei sentrale spørsmåla i denne saka er om den omsøkte dispensasjonen vil setje meir overordna omsyn bak kommunen si vedtatte arealdisponering til side. Ein dispensasjon kan då ikkje grunnleggjast ut frå kven som til ein kvar tid er eigarar av den aktuelle eigedomen, om søkjarane har eit godt forhold til lokalbefolkninga eller at dei er villige til å ta på seg eit særleg ansvar for å unngå konflikhtar med andre rettighetshavarar og brukarar i området.

Gjennom klagen er òg det påpeika at det allereie er oppført ei hytte like vest for den omsøkte eigedomen. Administrasjonen legg til grunn at det her er sikta til fritidsbustaden på naboeigedomen gbnr. 55/48. Hytta på gbnr. 55/48 var – etter kva kommunen kjenner til – allereie oppført då kommunen fekk sin første generalplan i 1981 (tilsvarande dagens kommuneplan), og var dermed lovleg etablert idet kommunen første gong vedtok eigne reglar om høvesvis arealformål og byggjegranser mot sjø. Administrasjonen kan difor ikkje sjå at nemnde hytte tilseier at det bør leggjast til rette for ytterlegare utbygging i dette området.

Klagarane gjer endeleg gjeldande at den omsøkte hytta ikkje vil leggje band på ålmeinta sitt høve til å nytte den lokale stranda, ettersom hytta skal plasserast på oppsida av eksisterande grusveg, om lag 25m frå strandlina. Etter administrasjonen sitt syn er dette ei altfor avgrensa vurdering av kva område som er gitt eit særleg vern gjennom både § 1-8 og KPA, noko òg både bygge- og formålsgrensene viser. Snarare synast tiltaket å vere eit klart døme på ei slik nedbygging av strandsona som byggjeforbodet i § 1-8 er meint å hindre, noko administrasjonen òg konkluderte med i det påklaga vedtaket. Det kan òg nemnast at i tillegg til hytta kjem òg opparbeiding av intern tilkomstveg, parkeringsplassar og øvrige terrenginngrep på eigedomen, som dels vert plassert langt nærmare strandlina enn 25m.

### **Konklusjon**

Dispensasjonar som omsøkt i denne saka vil setje omsyna bak både gjeldande arealformål, byggjeforbodet i pbl. § 1-8 og føremålsføresegna i pbl. § 1-1 vesentleg til side.

Administrasjonen kan vidare ikkje sjå at søknaden eller klagen tilseier at dispensasjonar i denne saka vil ha klare objektive fordelar, men snarare ei overvekt av ulemper av plan- og arealdisponeringsmessig karakter. Administrasjonen legg i den samanheng òg vekt på kva føringar dispensasjonar i denne saka vil kunne leggje for framtidige saker i same område, ut frå eit krav om likebehandling.

Administrasjonen vurderer på denne bakgrunn at vilkåra for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2 ikkje er til stades i denne saka. Kommunen har dermed ikkje heimel til å gi dispensasjonar som omsøkt.

### **Framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage dagsett 16.9.2015 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 13.7.2015 i delegert sak 239/2015 vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følge.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne-Lise Næs Olsen	FA - U43, TI - &18	15/1419

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
80/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## Dispensasjon - Flytting og oppgradering/utviding av Blom Fiskeoppdrett AS - frå Laksevika til ny lokalitet ved Holmeknappen

### Vedlegg:

Flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme - uttale

Merknader til høyring

Søknad om endra plassering av anlegg for oppdrett av laks - uttale

Uttale - Meland - Holme - Blom fiskeoppdrett AS – Uttale til dispensasjon for flytting av oppdrettsanlegg

Uttale til høyring - Blom Fiskeoppdrett AS og søknad om dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel for flytting av oppdrettsanlegg

Uttale - Blom Fiskeoppdrett AS og søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av oppdrettsanlegg

Kommentar til fiskeoppdrett i Herdlafjorden

Søknad om dispensasjon - Laksevika - Meland kommune 2015

Sak 15/1419 -Tilleggsopplysninger til søknad om dispensasjon - Laksevika - Meland kommune

Vedlegg 1-Anlegg

Vedlegg 2 Anlegg

Vedlegg 3

Vedlegg 4 satellitt

Vedlegg 5 Flåte

Vedlegg 6 satellitt nærmt

Revidert skisse dispensasjons søknad

Holmeknappen\_1031-A103 O

Holmeknappen\_1031-A104 M

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune av slo 5.12.2014 søknad om dispensasjon for å utvide arealet for oppdrett i sjø ved Laksevika, dette i hovudsak fordi tiltaket er i konflikt med militær forbodssone.

På grunn av trong for å oppgradere anlegget, søker no Blom Fiskeoppdrett AS om dispensasjon frå kommuneplanen for å flytte og utvide eksisterande akvakulturanlegg. Ny lokalitet ligg lengre sør i fjorden, ved Holmeknappen.

#### Om tiltaket:


Nytt oppgradert anlegg består av eit samla kvadratisk anlegg på 90 da. Det er planlagt 6 plastringar med ein omkrets på 160 meter for kvar, og desse er plassert i to rekkjer med 100 meters mellomrom. Kvar enkelt plastring er plassert i ei enkeltramme på 100x100 meter. I tillegg til dette kjem flåte med fortøyingssanlegget, ankerliner og anker. Det går ikkje fram av søknaden kor stor auke i biomasse det er snakk om.

Eksisterande areal som i dag er avsett til Akvakultur i Laksevika, er på om lag 30 da, og eksisterande anlegg syner på kartutsnitt under:




Endringa medfører at nytt anlegg vert 3 gonger større i utstrekning enn det eksisterande området i kommuneplanen er i dag.

I figur 1 er den planlagde plasseringa teikna inn i eit sjøkart.




Figur 1: Planlagt plassering og konfigurasjonen innteikna i eit sjøkart med målestokk 1:50 000. Anlegget er markert med ei blå pil.

Søkjar har drøfta saka med Kystverket, og etter dette kome med revidert utkast til løysing. Dei vil korte ned lengda på anlegget til ca. 300 m frå land. Dei vil då i mindre grad blokkere ferdsel for skipstrafikken, og ferdsla inn og ut frå Holmeknappen vil bli betre. Anlegget i Laksevika er eit stålanlegg. Det nye anlegget på Holmeknappen er planlagt med plastringar i ei rammefortøyning (sjå figur 2).



Figur 2: Framtidig anlegg

Anlegget er utforma med tanke på ein best mogleg plassering i forhold til eksisterande straumbilde på lokaliteten, topografi og eventuelle avgrensingar i areal. Ein ynskjer at straumen skal transporterast gjennom heile anlegget for å optimalisere oksygenforholda, og for å få borttransportert avfallsstoff frå fisken.



Figur 3: Framtidig konfigurasjon innteikna i eit Olex kart. Med målestokk 1: 7500.

### Grunngeving av dispensasjonssøknaden:

Dispensasjonssøknad for flytting og utviding er grunnjeven med at anlegget ved Laksevika i dag ligg midt i eit militært forbodsområde. Forsvaret bandlegg området i stor grad, og deira aktivitet krev at det ikkje vert gjort endringar utover etablert løyve. Dette medfører at Blom Fiskeoppdrett AS ikkje kan endre fortøyingsliner/vinklar slik teknisk regelverk (NYTEK) krev. Blom Fiskeoppdrett AS har




heller ikkje høve til å endra anleggsconfigurasjon frå stålanlegg til platanlegg, med tilhøyrande rammefortøying for å få eit meir rømingssikkert anlegg. Søkjar opplyser at den nye plasseringa av anlegget vil medføre at Blom Fiskeoppdrett AS kan utøve næring utan avgrensa rammer pga. Forsvaret. Anlegget vil verte meir rømingssikkert, det vil ha ei betre gjennomstrøyming av vatn i nøtene, betre plass til fisken, betre fleksibilitet under drifta, og det vil jf. søkjar verte betre miljøtilhøve under anlegget.

### Planstatus

Omsøkt tiltak er omfatta av Kommuneplanen for Meland kommune 2015-2027, og omsøkt nytt område er i kommuneplanen i generell kategori, avsett til *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*.

Området kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla til den generelle kategorien, med unnatak av akvakultur og småbåthamn, dette jf. føresegnar pkt. 3.3.

Søknaden er såleis ikkje i samsvar med kommuneplanen.



Utsnitt frå Kommuneplanens arealdel 2015-2027

### Aktuelle lovgrunnlag:

Plan og bygningslova (pbl) § 19-2. Dispensasjonsvedtaket.

*Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være*

*klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

*Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.*

*Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.*

#### Plan og bygningslova § 4-2. Planbeskrivelse og konsekvensutredning

*Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.*

*For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse - konsekvensutredning - av planens virkninger for miljø og samfunn.*

*Kongen kan gi forskrift om planprogram, planbeskrivelse og konsekvensutredninger, herunder om behandling av planer med grenseoverskridende virkninger.*

#### **Nabotilhøve:**

Naboar er varsla ved høyringsbrev datert 30.6.2015. Det er 14.7.2015 motteke ein felles merknad frå fleire naboar på Holmeknappen. Felles merknad er frå fylgjande naboar: Asle Brakstad og Elin Iden, Ku Chunping, Anne og Leif Johnsen og Knut Sagstad.

Høyringsfrist vart deretter utvida til 26.8.2015 pga. trong for utfyllande opplysningar i saka. Kommunen mottok så nabomerknad frå Jan Gismervik 26.8.2015.

#### Merknad av 14.7.2015:

Naboar er i utgangspunktet negative til planane og vil ha meir informasjon i saka. Dei vil ha høyringsfristen utsett til dei har motteke manglande informasjon i saka.

Naboane fekk 12.8.2015 oversendt tilleggsinformasjon i saka med ny høyringsfrist sett til 26.8.2015. Det kom etter dette ikkje fleire merknader frå desse naboane.

#### Merknad av 26.8.2015:

Jan Gismervik stiller spørsmål til at oppdrettsanlegget skal plasserast som omsøkt, og til samfunnspolitikken i dette. Han meiner og at omsøkt anlegg er svært forureinande, og er redd området ved Holmeknappen kjem til å verta øydelagt. Han meiner folk i Meland burde hatt meir kjennskap til denne saka, og at dei treng meir tid til å orientere.

#### **Tilhøve til andre mynde:**

Saka er sendt på høyring til Kystverket, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Bergen og Omland Friluftsråd, Bergen og Omland Havnevesen, Fiskeridirektoratet region Hordaland, Fiskarlaget Vest, og Bergen Sjøfartsmuseum. Dette jf. Pbl § 19-1.

Kommunen har motteke uttalar frå alle regionale instansar med unnatak av Hordaland fylkeskommune, Bergen og Omland Friluftsråd og Bergen Sjøfartsmuseum.

#### Uttale frå Kystverket datert 10.8.2015:

Dei skriv at anlegget omsøkt i Herdlefjorden, ligg i ei viktig farlei for sjøtrafikk langs kysten, og at farleia inngår som eit viktig element i samband med etablering av alternativ innsegling til Bergen. Dei

minner og om at Mjåtveit lenger sør i fjorden, inngår som eit av fleire alternativa for etablering av ny hamn i Bergensområdet, og at desse tiltaka vil generere ytterlegare trafikk i fjorden i tillegg til den som allereie er. Dei skriv at omsøkt anlegg vil strekkje seg om lag 800 meter ut i fjorden, og leggje beslag på store delar av farleiarealet. Kystverket kan ikkje godkjenne at det blir gitt dispensasjon for eit så stort sjøområde som omsøkt. Dei foreslår at det vert vurdert alternative løysingar der sjøområdet det skal dispensert ifrå, vert vesentleg redusert, og dei tilbyr å bistå søkjar med å finne ei optimal plassering av anlegget.

Kommentarar frå administrasjonen: Administrasjonen har ikkje særleg å merkje til uttalen, men søkjar har i ettertid drøfta saka med Kystverket. Dei har så kome med revidert utkast til løysing. Dei vil no korte ned lengda på anlegget til ca. 300 m frå land. Dei vil då i mindre grad blokkere ferdsel for skipstrafikken, og ferdsla inn og ut frå Holmeknappen vil bli betre.

Uttale frå Fiskeridirektoratet datert 6.7.2015:

Fiskeridirektoratet meiner primært at spørsmål kring endring av akvakulturområde skal løysast gjennom revisjon av kommuneplanen i staden for at ein fremjar dispensasjonssøknad. Dei finn likevel ikkje at det er registrert særskilde fiskeriinteresser i det omsøkte sjøområdet, men at sjøområde nord for Holme er sett av som fiskeområde (låssetting) i kommuneplanen. Dei finn at dispensasjon som omsøkt ikkje medfører vesentleg auka konfliktpotensial med fiske, men tek atterhald om at fortøyingsystem ikkje kjem i berøring med fiskeområde. Dette er spørsmål som dei vil kome attende til i samband med ein eventuell søknad om løyve etter Akvakulturlova.

Kommentarar frå administrasjonen: Søknaden om endra plassering av anlegget kom for seint i kommuneplanprosessen til at planen kunne reviderast før sluttbehandling. Området ved Holme er sett av til *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* i kommuneplanen, og administrasjonen vurderer at plasseringa av oppdrettsanlegget ikkje kjem i konflikt med annan aktivitet.

Uttale frå Fiskarlaget Vest datert 16.7.2015:

Fiskarlaget vest meiner at det ikkje må først ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurderer kva området tåler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø. Dei meiner vidare at nye lokalitetar ikkje skal vere i konflikt med fiskerinæringa, og at styresmaktene må definere kva som er akseptabel negativ påverknad frå oppdrettsnæringa.

Fiskarlaget vest meiner at saker som dette tiltaket, bør løysast via rullering av kommuneplanen. Dei viser til at det er ein kaste-/låssettingsplass nordaust for omsøkt område, men finn at ein kan godta omsøkt lokalitet såframt den ikkje kjem til hinder for bruk av låsplassen ved Kjedadalen.

Kommentarar frå administrasjonen: Administrasjonen har ikkje utfyllande kommentarar utover den førre.

Uttale frå Fylkesmannen datert 6.8.2015:

Fylkesmannen minner om at arealdelen til kommuneplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk. Dei meiner at arealbruk knytt til oppdrettsanlegg må vurderast i samband med kommuneplanlegginga, og at ein dispensasjon i denne saka vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen, og kan i tillegg skape presedens for dette og liknande område i framtida. Dei etterspør vurdering av om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, og minner om at då saka vert handsama som ein dispensasjon, vil tiltaket ikkje verte omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Dei minner og om at kommunen skal syte for at det vert utarbeidd reguleringsplan dersom det er behov for å sikre forsvarleg planavklaring mm, jf. pbl. § 12-1. Dei etterspør kommunen si vurdering av om tiltaket er reguleringspliktig.

Fylkesmannen meiner at søknaden ikkje inneheld ei grundig fagleg vurdering av om tiltaket vil føre til auka forureining på naturmiljøet i sjø, eller om det kan føre til auka fare for spreiding av sjukdom på villfisk og andre artar. Ulempene for naturmiljøet lyt diskuterast utfyllande i saka, og konsekvensane av flyttinga lyt utgreiast på ein tilfredsstillande måte. Medverknad lyt sikrast i saka og ein lyt dokumentere ei bærekraftig utvikling.

Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon til flytting av oppdrettsanlegget frå Laksevika til Holme i Meland kommune. Dei meiner det må gjerast ei grundig konsekvensutgreiing før det kan vurderast om det er aktuelt å flytte og utvide anlegget.

Kommentarar frå administrasjonen: Søknaden om endra plassering av anlegget kom for seint i kommuneplanprosessen til at planen kunne reviderast før sluttbehandling. Administrasjonen meiner at dersom naudsynt utgreiing syner at tiltaket ikkje fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, og at det ikkje fører til auka fare for spreiding av sjukdom på villfisk og andre artar, så kan ein opne for ei dispensasjonsvurdering. Kommuneplanen er eit styringsverktøy for utviklinga av kommunen. Dersom det likevel kan leggjast til grunn ei utfyllande utgreiing utover det arbeidet som er gjort i kommuneplanprosessen, og som dokumenterer ei betre utvikling, så vil dette etter administrasjonen sitt syn vere til gode for kommunen.

Saka er svært spesiell, der fiskeoppdrettsanlegget i dag er i konflikt med Forsvaret sine interesser, og der ein ikkje kan oppgradere anlegget til å stette nye krav. Administrasjonen meiner difor at saka i liten grad vil skape presedens i framtida.

Kommunen skal syte for at det vert utarbeidd reguleringsplan dersom det er behov for å sikre forsvarleg planavklaring. I Lovkommentar til pbl heiter det:

*«Kravet om at det skal foreligge reguleringsplan før det kan gis tillatelse til gjennomføring av større bygge- og anleggsarbeider er videreført fra PBL 85. Vurderingen av hva som er "større bygge- og anleggsarbeider" må bero på en konkret vurdering ut fra de forhold som gjør seg gjeldende på stedet og i saken. I bestemmelse til kommuneplanens arealdel kan det ut fra byggstørrelse, antall osv. fastsettes når tiltak utløser krav om utarbeiding av reguleringsplan.*

*Visse tiltak vil alene i kraft av størrelsen utløse reguleringsplikt. I andre tilfeller kan tiltak som ikke i seg selv er så store, men der virkningene for omgivelsene er omfattende eller usikre, føre til reguleringsplikt. Dette kan være aktuelt for tiltak som plasseres i sårbare områder med f.eks. særlig verdifullt kultur- eller naturlandskap, områder som er preget av bevaringsverdig bebyggelse eller på annen måte har særlig vernekarakter. Normalt vil bygge- og anleggstiltak i nye byggeområder være å anse som større bygge- og anleggsarbeider som vil kreve reguleringsplan.*

*Det vil være adgang til å dispensere fra plankrav i den utstrekning det ikke er slik sammenheng mellom plankravet og et ev. krav om konsekvensutredning at det er til hinder for dispensasjon. Videre må de øvrige vilkårene for å dispensere i alle tilfelle være oppfylt også i forbindelse med dispensasjon fra plankrav.»*

Ny kommuneplan for Meland set krav til at det skal utarbeidast reguleringsplan før søknadsppliktige tiltak kan tillatast, jf. føresegner pkt. 1.2.1, og for reguleringsplanar som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, skal planskildring gje ei særskilt vurdering og skildring - konsekvensutgreiing - av verknadar for miljø og samfunn, jf. pbl § 4-2.

Det er her snakk om å flytte eit eksisterande anlegg, utvide det, oppgradere til nytt regelverk, betre rømingssikkerheit, og betre gjennomstrøyming og fleksibilitet under drifta.

Søkjjar hevdar også at miljøtilhøve under anlegget vil verte betra, og at det nye anlegget vil gje positiv effekt med omsyn til dyrevelferd, miljø og drift. Dette er likevel ikkje fagleg dokumentert.



Administrasjonen vurderer, ut frå dei konkrete tilhøva i denne saka, at det er trong for ei konsekvensutgreiing. Det er søkt om å auke drifta på eit eksisterande anlegg, og flytte og betre anlegget. Dersom ein set vilkår om konsekvensutgreiing for tema kring verknad for miljø og samfunn, og om denne stadfestar at tiltaket ikkje fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, og at det ikkje fører til auka fare for spreiding av sjukdom på villfisk og andre artar, så kan slik utgreiing dokumentere ei bærekraftig utvikling.

Då vil det etter administrasjonen sitt syn, ikkje vere nødvendig med utarbeiding av reguleringsplan. Spørsmålet om bærekraft kan svarast på gjennom ei konsekvensutgreiing av flytting og utviding, og av kva dette har å seie for miljø og samfunn. Ein reguleringsplan vil i så høve berre auke kostnadane for søkjar, og forlengje prosessen, og det hastar for søkjar å få på plass forbetring i samsvar med regelverket.

Medverknad er etter administrasjonen sitt syn sikra, då saka har vore sendt til regionale og statlige myndigheter for uttale, og då naboar er varsla i same høyring.

#### Uttale frå Bergen og Omland Havnevesen datert 4.8.2015:

Bergen og Omland Havnevesen uttaler at dei ikkje har mynde til å gje uttale til søknadar om akvakulturanlegg.

Kommentarar frå administrasjonen: Administrasjonen har ikkje noko å merkje til uttalen.

#### **Vurdering:**

Eksisterande akvakulturanlegg ved Laksevika ligg i dag midt i eit militært forbodsområde, og tiltaket er i dag i konflikt med militær forbodssone. Anlegget treng snarleg oppgraderast i samsvar med regelverket, og søkjar ynskjer å auke kapasiteten. Det går ikkje fram av søknaden kor stor auke i biomasse det er snakk om.

Søknaden om endringa kom for seint i kommuneplanprosessen til at planen kunne reviderast før sluttbehandling. Administrasjonen meiner difor at det kan lagast ei utfyllande konsekvensutgreiing utover det arbeidet som er gjort i kommuneplanprosessen, for å vurdere om tiltaket medfører ei god utvikling for kommunen. Utgreiinga lyt omfatte tema kring verknad for miljø og samfunn dersom ein flytter akvakulturanlegget til ny lokalitet, og dersom ein oppgraderer og utvidar anlegget. Utgreiinga lyt omfatte alle relevante interesser og verdiar knytt til biologisk mangfald, miljø, natur, friluftsliv, kulturminne, ferdsel, tryggleik og naturmangfald. Det lyt gå klart fram av konsekvensutgreiinga kor stor auke biomasse det er snakk om. Søkjar hevdar at miljøtilhøve under anlegget vil verte betra, og at det nye anlegget vil gje positiv effekt med omsyn til dyrevelferd, miljø og drift. Kommunen har likevel ikkje motteke fagleg dokumentasjon på dette, og ei konsekvensutgreiing vil kunne dokumentere korleis miljøtilhøva vil verte.

Det er i dag ei interessekonflikt mellom Forsvaret og Blom Fiskeoppdrett AS. Det vil vere ein stor fordel for Forsvaret dersom akvakulturanlegget blir flytta ut av militær forbodssone, og det vil vere ein stor fordel for Blom Fiskeoppdrett AS å kunne drive næring utan avgrensa rammer frå Forsvaret. Administrasjonen vurderer at dette samla utgjer ei klar samfunnsinteresse, og flytting vil vere ein stor fordel for kommunen.

Saka er svært spesiell, der fiskeoppdrettsanlegget i dag er i konflikt med Forsvaret sine interesser, og der ein ikkje kan oppgradere anlegget til å stette nye krav. Administrasjonen meiner difor at saka i liten grad vil skape presedens i framtida.

Medverknad er etter administrasjonen sitt syn sikra, då saka har vore sendt til regionale og statlige

mynde for uttale, og då naboar er varsla i same høyring.

Søkjar ynskjer å oppgraderer og flytte anlegget til ny lokalitet, men kommunen lyt likevel ivareta omsyn til miljø og bærekraft. Administrasjonen vurderer, ut frå dei konkrete tilhøva i denne saka, at det er trong for ei konsekvensutgreiing. Dersom konsekvensutgreiinga syner at tiltaket ikkje fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, og at det ikkje fører til auka fare for spreieing av sjukdom på villfisk og andre artar, så kan ein godkjenne dispensasjonssøknaden.

#### **Økonomi:**

Tiltaket vil truleg berre få økonomiske konsekvensar for søkjar.

#### **Folkehelse og Miljø:**

Spørsmål kring folkehelse og miljø vert å vurdere i samband med konsekvensutgreiinga.

#### **Konklusjon:**

Administrasjonen rår til at det vert gjeve dispensasjon på vilkår av at det vert laga ei konsekvensutgreiing før tiltaket kan utførast, og på vilkår av at konsekvensutgreiinga dokumenterer at tiltaket ikkje fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, og at det ikkje fører til auka fare for spreieing av sjukdom på villfisk og andre artar.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, dispensasjon frå Kommuneplanens arealdel 2015- 2027, for flytting og oppgradering av akvakulturanlegg som omsøkt. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor, og dispensasjonen er gjeven på fylgjande vilkår:

1. Det skal lagast ei konsekvensutgreiing før tiltaket kan utførast.
2. Konsekvensutgreiinga skal dokumenterer at tiltaket ikkje fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, og at det ikkje fører til auka fare for spreieing av sjukdom på villfisk og andre artar.
3. Dersom tiltaket fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, eller fører til auka fare for spreieing av sjukdom, skal saka behandlast på nytt.
4. Plassering av anlegg er som vist i reviderte teikningar motteke 23.9.2015.
5. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dispensasjon er gjeve, jf. pbl § 21-9.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Lillian Straumøy Brakstad		15/2779

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
81/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## Val av medlemmar til Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Frå Utval for drift og utvikling skal det veljast ein medlem til Eldrerådet og ein til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg skal det veljast to personlege varamedlemmer til kvar.

#### Framlegg til vedtak:

«Frå Utval for drift og utvikling vert følgjande valde:

#### Eldreråd:

Medlem : .....

Personleg varamedlem : 1 .....

2 .....

#### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Medlem : .....

Personleg varamedlem : 1 .....

2 .....

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen		15/2783

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
82/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

## Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2016 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)

### Vedlegg:

Gebyr 2016 plan byggesak oppmåling mm

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gjeldande gebyrmaal vart innført i 2014 etter eit samarbeid i regionen. I 2015 er malen blitt evaluert, slik at det er gjort mindre justeringar i teksten. Førehandskonferanse i plansak er innført (7.1.1), og gebyr for kommunen sitt arbeid med å rette opp innkomne planforslag er innført (7.2.4 – 6 og 7.3.4 – 5). To nye arealkategoriar er innført på byggesak (10.2.0 og 10.2.7). I tillegg har innløyising av festetomter fått eige punkt (13.3). Det er elles gjort korrigeringar i lovheimlar i tråd med lovendringar.

Kommunen nyttar ikkje alle punkta i regulativet, men teksten og oppbygginga skal vere felles for region Nordhordland. I Meland er t.d. innløyising av festetomter sjeldan aktuelt. Felles regulativ skal gjere det enklare for dei ulike aktørane innan plan, byggesak og oppmåling å finne ut kva for reglar som gjeld, uavhengig av kommune.

Når det gjeld betalingssatsane, vil dei variere frå kommune til kommune. Nokre veljer å ikkje drive til sjølvkost, medan andre veljer å drive til full sjølvkost innan byggesak. Innan plan og oppmåling er det ikkje høve til å drive til sjølvkost.

Admistrasjonen har lagt til grunn ein generell prisauke på 3%, runda av til næraste 100 kr. Nokre satsar er likevel auka meir, etter ein gjennomgang av sakstypar og arbeidsomfang:

- Pkt 9.1.4, dispensasjonar frå plankrav eller rekkefølgekrav
- Basisgebyr byggesak , heile pkt 10.2 (profesjonelle søkjarar)
- Basisgebyr byggesak pkt 10.3.1 (tiltakshavar kan sjølv søkje)
- Delingssøknader i pkt 11.1.2 (vanlege delingssøknader)
- Pkt 12.1.2, vedtak med pålegg om retting eller stans, ulovlege tiltak

### **Vurdering**

For Meland sin del har det ikkje vore mogeleg å drive byggesaksbehandling til sjølvkost i 2014 og 2015. Det skuldast redusert aktivitet etter Walde-konkursen ein periode, og endringar i lovverket; fleire tiltak treng ikkje lenger søkjast om. Administrasjonen reknar med at kommunen dermed får betre kapasitet til å drive tilsyn og følgje opp ulovlege byggesaker. Førrebeles manglar vi erfaring til å kunna slå fast korleis dette påverker gebyrinntektene. Gebyrsatsane skal stå i forhold til arbeidsmengden for sakstypen, og der er det som nemnt gjort ein gjennomgang av regulativet. Når det gjeld søknader der det ikkje er krav til ansvarleg søkjar, er det dei meir omfattande eller kompliserte sakene det no skal søkjast om. Det er derfor rimeleg å auke satsane noko på det området, det rammer ikkje dei enkle sakene som betyr mest for folk flest.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Gebyrregulativet er rekna ut i høve til at budsjettet for tenesteområdet skal gå i balanse.

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at gebyr for tekniske forvaltningstenester vert auka med i snitt 3%, med unntak for enkelte sakstypar som får større auke, jf saksutgreiing og vedlegg.

Før regulativet vert endeleg godkjent, skal det kunngjerast (som høyring) med heimel i forvaltningslova § 37.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2016, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen		15/2782

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
83/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

## Vass- og avlaupsavgifter 2016, nye satsar

### Vedlegg:

GEBYRREGULATIV VATN OG AVLAUP - 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utrekningsgrunnlaget for årsavgiftene er sett saman av driftsutgifter, avskrivningar av anlegga og kalkulatoriske renter på investeringane. I tiltaksplanen for vatn og avlaup blir investeringstakten analysert, og profilen på årsavgiften tilsvarande anslått for komande 4-års periode.

Tiltaksplanen for vatn og avlaup er revidert for perioden 2015 – 2019, godkjent av kommunestyret 17.12.2014. Investeringane er innarbeidd i økonomiplan og årsbudsjett, med mindre justeringar av framdrift. Tiltaka er prioriterte ut frå å sikre alle innbyggjarane i Meland ei stabil og trygg vassforsyning, og å hindre ureining frå avlaup. I 2016 får Landsvik og Beitingen ei tryggare vassforsyning, medan Rosslund og Brakstad står for tur i 2017 og 2018. Seinare kjem oppgradering av vassforsyninga til Flatøy. I 2017 må elles kommunen si hovudvassforsyning, vassbehandlingsanlegget på Hestdal, oppgraderast. På avlaupssida står avlaupsleidning Holmeknappen, sanering Fløksand og sanering Grønlandsområdet (kommunen sitt eldste anlegg) for tur i 2016. Deretter kjem sanering Brakstad, Rosslundspillen og Leirdalen.

Vatn- og avlaupsområdet skal behandlast etter sjølvkost-prinsippet, og kostnadsbiletet må reknast ut så korrekt som mogeleg. I perioden 2010 – 2014 vart inntektene likevel vesentleg høgare enn utgiftene, og det bygde seg opp eit fond på begge avgiftsområda. Dette skjedde i hovudsak fordi rentnivået var lågare enn venta, nokre investeringar vart skubba fram i tid og driftsnivået vart ikkje heva slik tiltaksplanane tilrådde. For å imøtekomme tendensen med veksande fond har årsavgiftene delvis stått i ro og delvis vore sett ned sidan 2011. Fondsmidlar skal nyttast til å utjamne utgifts- og inntektsvariasjonane over max 5 år. Ved å redusere avgiftsnivået dei siste åra er såleis fondet nytta slik det skal.

Det er planlagt å nytte 1 155 326 av vassfondet i 2015, slik at det står att 2 430 377 ved inngangen til 2016. Vidare er det planlagt å nytte 2 270 027 frå avlaupsfondet, slik at det står att 1 698 955 ved inngangen til 2016.

For å kvalitetssikre utrekningane av avskrivningar, kalkulatoriske renter, driftsutgifter og profilen på avgiftsnivået betre, har administrasjonen tatt i bruk ein sjølvkost-modell. Modellen viser tydeleg samanhengen mellom investeringar, driftsutgifter og avgiftsnivå. Utrekningane syner at avgiftene no må hevast igjen, dei nærmer seg nivået i 2014 for vatn og 2013 for avlaup.

### Vurdering

Utvikling i gebyrnivået 2012 – 2015 og anslag for 2016, vatn:

	2012	2013	2014	Budsj 2015	2015	Budsj 2016
Vassfond pr 1/1			4 489 813	3 585 703	3 585 703	2 430 377
Bruk av fond			904 110	463 510	1 155 326	531 529
Tal normalabonntar	2564	2692	2803	2903	2862	2912
Endring frå året før	+ 147	+ 128	+ 111	+ 100	+ 59	+ 50
Innbetalte avgifter i alt	13 411'	13 619'	12 971'	12 995 000	11 400 000	12 318 000
Årsavgift vatn, normalabb.	4241,-	4241,-	4114,-	3290,-	3290,-	3594,-
Endring	0	0	- 3 %	- 20 %		+ 9,2 %

Utvikling i gebyrnivået 2012 – 2015 og anslag for 2016, avlaup:

	2012	2013	2014	Budsj 2015	2015	Budsj 2016
Avlaupsfond pr 1/1			6 392 706	3 968 982	3 968 982	1 698 955
Bruk av fond			2 423 724	1 937 500	2 270 027	1 099 362
Tal normalabonntar	1384	1475	1545	1645	1647	1687
Endring frå året før	+ 115	+ 91	+ 70	+ 100	+ 102	+ 40
Innbetalte avgifter i alt	6 263'	5 755'	4 147'	4 617 000	4 529 000	6 108 000
Årsavgift avlaup, normalabb.	3263,-	3263,-	2349,-	1980,-	1980,-	2958,-
Endring	0	0	- 28 %	- 15,7 %		+ 49,4 %

Det kunne vore ønskjeleg å strekke fonda over meir enn 5 år. Då ville det vere mogeleg å halde avgiftsnivået meir stabilt og få jamnare endringar i takt med investeringar og drift. På den andre sida har dei som har betalt inn «for mykje» fått tilbake midlar gjennom dei reduserte avgiftene dei siste åra. Regelverket byggjer på at dette er er rettferdig ordning og grensa er derfor sett til 5 år.

Framlegg til prosentvis auke i avgiftene er derfor stor denne gongen. Administrasjonen meiner likevel at auken er forsvarleg. Avgiftene vil framleis vere lågare enn dei var i 2013. Tenesteområdet har ei god og effektiv drift og nøye planlagt investeringsramme.

Tilknytingsavgifta har stått i ro på kr 10 000,- for kvar tilknytning sidan 2010. Før 2008 var avgifta på kr 5 000,- i sentrale strók og kr 15 000,- i grisgrendte strók. Ved å halde tilknytingsavgifta relativt låg, vil ein stimulere til at flest mogeleg knyter seg til dei offentlege anlegga utan at kommunen må gå ut med pålegg. Administrasjonen meiner det er naturleg å auke denne til kr 15 000,- for heile kommunen frå 2016. Summen er relativt låg og tilknytning til offentleg nett fører til ei vesentleg kvalitetsheving i høve til private anlegg.

Folkehelse: Trygg vassforsyning til alle innbyggjarane i kommunen

Miljø: Sanering av avlaupsanlegg hindrer ureining. Saneringa er planlagt i område som enten har gamle løysingar eller er utan offentleg løysing på avlaup.

Økonomi: Budsjettet er sett opp for at vatn- og avlaupsområdet skal gå i balanse

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Administrasjonen rår vidare til at årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar. Tilknytingsgebyret vert auka frå kr 10 000,- til kr 15 000,- eks mva for kvar tilknytning.»



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen		15/2757

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
84/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

## Feie- og tilsynsgebyr for 2016, uendra satsar

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Feietenesta inngår i den felles brannordninga for Lindås og Meland. Kommunestyret vedtok i møte 08.02.2012, sak KS-017/12, at fastsetting og innkreving av feie- og tilsynsgebyr skal vere unnateke avtalen med Lindås kommune om brannvernordning. Kommunen må derfor fastsette og kreve inn gebyret og overføre summen til Lindås.

Budsjettframlegget frå Lindås

Oversikt over rekneskapstal 2012 – 2015 og anslag for 2016:

	2012	2013	2014	<b>Budsj 2015</b>	2015	<b>Budsj 2016</b>
Tal piper, stk	2271	2353	2372	2397	2397	2422
Endring frå året før, stk	+62	+82	+19	+25	+25	+25
Overføring til Lindås	809 553,-	853 928,-	840 013,-	1 000 000,-	926 000,-	1 000 000,-
Adm. kostnader Meland	36 000,-	20 000,-	23 000,-	25 000,-	25 000,-	20 000,-
Innbetalte avgifter i alt	846 515,-	904 662,-	921 856,-	930 000,-	947 695,-	960 000,-
Gebyr pr pipe	369,-	385,-	385,-	390,-	390,-	390,-
Gebyr pr ekstra pipeløp	125,-	130,-	130,-	130,-	130,-	130,-

I 2014 vart overføringa til Lindås mindre enn budsjettert, og tenesta gjekk ut med eit overskot som vart sett på fond (58 843,-). Rekneskapen for 2015 syner førebels at inntekter og utgifter er i balanse.

### Vurdering

Gjennom fleire år har talet på nye piper auka i takt med utbygginga, med unntak av 2014 då

aktiviteten vart redusert i kjølvatnet av Walde-konkursen. Framover er det ikkje sikkert at tal piper auker like mykje, på grunn av endringar i byggeforskrifta; det er ikkje lenger påbod om å montere pipe i nye hus. Administrasjonen legg derfor til grunn ein låg auke i tal piper også i 2016.

Summen som til slutt blir overført til Lindås er påverka av feieaktiviteten, med avrekning ved årsskiftet. Sjølv om budsjettet tek utangspunkt i at utgifter og inntekter skal vere i balanse, kan biletet derfor endre seg etter årsoppgjeret. Tendensen dei siste åra er at inntektene er høgare og utgiftene lågare enn budsjettet. For å unngå at det bygger seg opp fond ved at tenesta går i overskot over tid, rår administrasjonen derfor til at avgiftene vert uendra i 2016. I følge sjølvkostutrekningar skal dette i prinsippet medføre at fondet blir bygd ned att.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Når tal piper auker vert det fleire abonnentar å dele kostnadene på. Administrasjonen vurderer at ved å vidareføre feieavgifta på same nivå som i 2015, vil tenesta gå i balanse over tid.

### **Konklusjon**

Feieavgifta vert vidareført frå 2015 til 2016, dvs til kr 390,- eks mva pr pipe. Feing av ekstra pipeløp vert ståande på kr 130,- eks mva.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2016 vert vidareført med kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FA - M42	15/2767

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
85/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

## **Gebyr for slamtømming 2016**

### **Vedlegg:**

Kommunal saksførebuing til budsjett 2016 - gebyr slam

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Slamtømmeordninga vert utført av NGIR medan kommunane krev inn gebyret. Gebyrnivået hjå NGIR har vore uendra sidan 2010, sjølv om kostnadene har auka. Underskotet har vore dekkja av utjamningsfondet. Styret i NGIR har i møte 13.10.2015 tilrådd at representantskapen godkjenner auka satsar for 2016. Representantskapet behandla saka i møte 26.10.2015.

Det går fram av NGIR sin økonomiplan for 2015 – 2018 at gebyret må aukast med om lag 8,2 % kvart år frå 2016 dersom kostnadsbiletet ikkje endrer seg. I ettertid viser det seg at dei samla kostnadene til slambehandling vert høgare enn venta i økonomiplanen, sjølv om transportkostnadene har gått ned etter siste anbudsrunde. Gebyrauke på 8,2 % medfører at tenesta går med underskot i 2016, men underskotet kan dekkjast av utjamningsfondet. Av saksutgreiinga til NGIR går det fram at utjamningsfondet såleis vert bygd ned frå om lag 2,7 mill pr 01.01.2015 til om lag 1 mill pr 31.12.2016.

På denne bakgrunnen rår styret i NGIR til at gebyr for septikslam for privatpersonar vert auka frå kr 747,- til kr 808,-. Dette er summen kommunanen skal overføre pr abonnement til NGIR.

Meland sine kostnader til saksbehandling og innkreving har stått i ro dei siste åra. Fram til 2012 vart desse kostnadene fordelt på abonnentane og lagt til gebyret frå NGIR. Over tid førte det til eit kommunalt overskot på tenestområdet, i form av eit mindre fond.

Frå 2013 er fondet bygd ned ved at satsane ut til innbyggjarane har vore lågare enn satsane kommunen betaler til NGIR. Pr 01.01.2015 var dette fondet på kr 371 971,- . I 2015 vart gebyrsatsane sett meir ned og pr utgangen av 2015 skal det berre stå att kr 80 935,- på fondet.

## Vurdering

Innkrevning av slamgebyr er ei teneste som skal gå i balanse på utgifter og inntekter. Sidan fondet no er bygd ned, betyr det at abonnentane igjen skal betale den gebyrsatsen som kommunen betaler vidare til NGIR.

For 2016 betyr det ein relativt stor auke i gebyrsatsen, omtrent tilbake til det nivået den var på i 2013. Satsen er likevel lågare enn før 2013. I mellomtida har abonnentane fått tilbakebetalt det oppsamla overskotet, i form av lågare gebyrsats dei siste tre åra.

Etter kvart som avlaupsanlegga blir bygd ut, vil talet på abonnentar halde fram med å gå ned.

	2012	2013	2014	Budsj 2015	2015	Budsj 2016
Tal bustadeigedomar	981	978	975	980	961	950
Endring frå året før	-3	-3	-3	+5	-14	-11
Tal fritidseigedomar	180	190	200	195	198	200
Endring frå året før	+9	+10	+10	-5	-2	+2
Overføring til NGIR	797 236,-	800 971,-	799 069,-	800 000,-	803 398,-	845 000,-
Adm. kostnader Meland	36 000,-	43 000,-	23 000,-	27 000,-	27 000,-	23 000,-
Innbetalte avgifter i alt	903 521,-	794 861,-	699 256,-	700 000,-	537 390,-	810 000,-
Gebyr pr bustadeiged.	843,-	750,-	650,-	500,-	500,-	775,-
Gebyr pr fritidseigedom	422,-	375,-	325,-	250,-	250,-	387,-

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Slamtømmingsordninga for hytter og hushald skal motverke ureining av sjø og grunn i område der det ikkje er kommunale avlaupsanlegg.

Økonomi: Budsjettet er sett opp ut frå at området skal gå i balanse og det kommunale fondet skal byggjast ned.

## Konklusjon

Administrasjonen har ingen merknader til at slamgebyret som kommunen betaler til NGIR vert auka frå kr 747,- til kr 808,- for 2016. Slamgebyret ut til innbyggjarane må setjast opp att omtrent på nivå med 2013 for at tenesta skal gå i balanse.

Slamgebyret bør etter dette aukast til kr 775,- eksv mva for bustader og til kr 387,- eks mva for fritidsbustader.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at kommunale gebyr for slamtømming for 2016 vert kr 775,- eks mva for bustader og kr 387,- eks mva for fritidsbustader. Kommunestyret har ingen merknader til NGIR sine satsar.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FA - M50	15/2764

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
86/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

## Renovasjonsgebyr 2016

### Vedlegg:

Kommunal saksførebuing til budsjett 2016 - gebyr renovasjon

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Styret i NGIR gjorde i møte 13.10.2015 vedtak om å tilrå 4,8 % auke i renovasjonsgebyret for 2016 (normalabonnement). Gebyrauken er kr 136,-. Representantskapet behandla saka i møte 26.10.2015.

Satsane har vore uendra i perioden 2012 – 2014. Frå 2014 til 2015 auka satsane med 2,9 % (kr 80,-).

Renovasjonstenesta går i balanse over tid. Auken i gebyret er i tråd med NGIR sin økonomiplan for 2015 – 2018. I følgje saksutgreiinga til NGIR er det kostnadsauke som følgje av endringar i den samla avfallsmengden som ligg til grunn for endringa. Lågare avfallsmengder frå næringslivet endrer kostnadsdelinga, og meir problemavfall (farleg avfall, trykkimpregnert treverk, malt treverk osv) fører til høgare kostnader knytt til behandling og transport.

Utjamningsfondet er planlagt bygd ned frå om lag 5,8 mill pr 01.01.2015 til om lag 0,8 mill pr 31.12.2016. Fondet bidrar til at gebyrauken blir mindre enn kva den reelle kostnadsauken tilseier.

### Vurdering

Administrasjonen har ingen merknader til at gebyrsatsane vert auka med 4,8 % i 2016 (normalabonnement). Tenesta vert drive etter sjølvkostprinsippet og går i balanse over tid via utjamningsfond.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Trygg behandling av alle typar avfall er framtidretta og positivt for miljøet.

Økonomi: Satsane går fram av vedlegget. Meland har ingen kostnader eller arbeid med innkreving av dette gebyret.

**Konklusjon**

Administrasjonen råår til at kommunestyret gjer vedtak om gebyrsatsar slik NGIR ber om og i tråd med tilrådinga frå styret. Eventuelle endringar etter representantskapet sitt møte 26.10.2015 vil bli lagt fram i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2016 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 26.10.2015.»

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad		15/2626

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
87/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015

## Aktuelle saker

### Vedlegg:

Planar og utgreiingar 2. halvår 2015  
Private reguleringsplanar 2. halvår 2015

### Saksopplysningar:

Leiar Mabel Johansen har kome med ønskje at UDU-møtet 15.12.2015 vert flytta til 17.12.2015. Utvalet diskuterer dette i møtet.

### Framlegg til vedtak: